

Gode ordstyrar, årsmøte.

Takk for ein god tale Lars Petter, du peikar på mange viktige ting og i ei utfordrande tid er det godt å vite at me har stødige folk i front.

Det er ofte utfordrande å vere litt uti talelista når ein skal snakke om eit forholdsvis stort tema. I hadde eg førebudd det eg meinte var eit godt innlegg om investeringsbehov på mjølkeproduksjon i bås og behovet for å styrke investeringsmidlane for å sikre at fleire vert med vidare. Så kom fyrste talar på talarstolen og haldt heile innlegget mitt. Eg synest Ellinor Ann Skaret haldt eit godt innlegg, i og med at det var så godt som ordrett innlegget eg hadde tenkt å halde.

Eg har allikevel lyst til å snakke litt om temaet. Figuren her syner verdiskapinga i jordbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane, eller Vestland sør og nord, fordelt på produksjonar. Figuren syner at drøvtyggarane står for 76 % av verdiskapinga i Hordaland og 87 % i Sogn og Fjordane. Ein kan sjølv sagt argumentere for rettferdighet og likhet i nedjustering av mjølkeproduksjonen, men figuren syner at reduserer ein mjølkeproduksjonen i våre område utan å eventuelt erstatte med andre produksjonar er den forutsigbare konsekvensen at areal går ut av produksjon.

Så til investeringsbehovet på små og mellomstore mjølkebruk. Mange har bygd men mange står att, og det er dei mindre besetningane som no står att. Når eg snakkar med bønder som allereie har bygd får eg ofte inntrykk av at mange meiner at dei som sit att har 'site på gjerdet' og venta på betre rammebetingelsar. At det er gamle gubbar som venter på pensjonsalderen. Dette vil eg gjerne avkrefte med eit par eksempel.

(bilde av Kåre Magnus)

Dette er Kåre Magnus Oma. Han slutta i 2008 i arbeid i oljebransjen for å bli mjølkeprodusent. Han kjøpte seg gard med 60 tonn kvote, kjøpte seg opp til 150 tonn og driv no 250 dekar fordelt på 35 teigar. Han er 39 år, gift, har to born. Han er ein flink bonde som har lyst til å vera med vidare.

(Bilde av Bjørnar)

Bjørnar Gjerde. 110 tonn, 14 årskyr, 180 dekar fordelt på 10 grunneigarar. Gift, to born. For eit par år sida slutta han i ein god jobb i Lerøy. Der hadde han ansvar for ei omsetjing på ein milliard kroner. Han har valgt å bli mjølkebonde på Omastrand. Bjørnar beiter kyrne sine 16 veker i året. Han har lyst til å bli med vidare.

Bjørnar og Kåre Magnus er ikkje eldre folk som ventar på pensjonsalder, dei er flinke, framoverlente bønder som driv godt, tek gode avlingar og steller dyra sine godt. Dei er og viktige for lokallaga våre.

Realiteten er at bondelaget i distrikta er heilt avhengige av desse folka for å fungere. I lokallaget mitt heime er me 5 personar i styret. 5 av desse er mjølkebønder, 3 av dei i

båsfjøs og snittalderen er ca 40. Får me ikkje med oss desse over slit me som næring og organisasjon. Me får dei ikkje med oss med 35% tilskotssats på investeringar, me lyt minst i 50%, kanskje 60%. Det har ein kostnad, men dette må me prioritere, det er nemlig desse bøndene som gjer oss legitimitet som næring.

Takk